

## Rutine for registrering av besøkande på kommunehuset

Gjenopning av kommunehuset etter stenging i samband med beredskapssituasjonen og for begrense koronasmitte

Kommuneleiinga planlegg å opne opp att kommunehuset for publikum og normalisere drifta frå og med 18.05.2020.

Publikum blir bedne om å halde seg oppdaterte om kven som er til stades på huset, og gjere direkte avtale med den dei ynskjer å møte. Årsaka til dette er at mange anten er opptakne i møter eller kan vere på heimekontor,

For at dette skal foregå i tråd med smittevernomsyn må vi ha kontroll på kven som kjem inn på kommunehuset og kvar dei skal i møte. Informasjon om denne rutina blir hengt på ytterdøra, på glassveggen inn til sentralbordet, på heimesida og på kommunen si Facebookside. Det blir innført loggbok for logging av besøkande og eira føremål, med registreringparametra:

Namn og tlf.	Dato og klokkeslett inn	Føremål	Dato og klokkeslett ut	Registeret av

Besøkande vil bli bedne om å vaske hender på besøkstoalletet og/eller nytte antibac, før dei går vidare inn i møte.

Under normale omstende er kommunehuset opent frå 09:..-14:00, medan sentralbordet er bemanna. Dersom tilsette får besøk av publikum utanom denne tida, må dei sjølve sjå til å møte den besøkande og skrive vedkomande inn og ut av besøksboka.